



123 Rør

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2886 - 16/22962

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

02.12.2016

Godkjenning - mellombels tilkopling til kommunalt VA-anlegg for brakke gbnr 23/567

Administrativt vedtak. Saknr: 409/2016

Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 22.11.2016, søkt om tilkopling til kommunalt VA-anlegg for brakke på eigedomen gbnr 23/567. Brakka skal plasserast og mellombels knytast til kommunalt VA-anlegg, slik situasjonskart dagsett 22.11.2016 syner.

Vurdering:

Søknad om mellombels tilkopling til kommunalt VA-anlegg er i samsvar med Forskrift om vass- og avlaupsanlegg i Meland kommune, § 9.

Det skal betalast abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, dvs etter målt forbruk. Det må difor installerast vassmålar. Det skal ikkje betalast eingongsgebyr for tilkoplinga. Det kan gjevast løyve til mellombels tilkopling for eit år om gongen med høve til å søkje om vidareføring. Føretaket 123 RØR AS, organisasjonsnr 990143595, har erklært ansvarsrett.

Administrasjonen har ingen merknad til at brakke på eigedomen gbnr 23/567 vert mellombels tilknytt det kommunale VA-anlegget.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at brakke på eigedomen gbnr 23/567 vert mellombels tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad dagsett 22.11.2016 og på følgjande vilkår.

1. Tilkoplinga gjeld for eit år om gongen, dvs frå 01.01.2017-31.12.2017, med høve til å søkje om vidareføring.
2. Det skal betalast abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd.
3. Det skal installerast vassmålar. Abonntenen må sjølv skaffa og kosta vassmålaren.
4. Straks tilknyttinga er gjort må ansvarleg røyrlleggjar melda frå til kommunen om

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

vassmålarnummer, plassering og målarstand.

5. Kostnad med tilkopling og fråkopling etter bruk er søkjar sitt ansvar.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar i i byggesaka, jf pbl. §23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass-og avlaupsanlegg og plan-og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

VA-kart

Kopi til:

Boligbygg Vest AS

Mottakere:

123 Rør